

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2020

Ordinært årsmøte i NYK 17. februar 2019 valde nytt styre med Ronny Rognhaugen (Vågsbygd) som leiar, Rimmert van der Kooij (Trondhjems), Øyvind Pedersen (Trondhjems) og Chris Skogen (Askøy) og Thor Erik Karlsen (Horten). Jon Kåre Hellan (Trondhjems) er vald til revisor og Jan Rune Hopland (Askøy) til valkomité. I tillegg vonar styret nokon frå Færder vil hjelpe til. Styret konstituerte seg sjølve på fyrste styremøte 23. mars og har sidan hatt denne arbeidsdelinga:

Leiar, kasserar og sjefsmlar Ronny Rognhaugen
Nestleiar, kommunikasjonsansvarleg, NM 2020 Rimmert van der Kooij
Sekretær Øyvind Pedersen
Styremedlem, NM 2021 Chris Skogen
Varamedlem Thore Erik Karlsen har vore invitert til alle styremøta.

Styret har gjennomført seks styremøte i perioden: 23. mars, 20. april, 15. juni, 8. august, 2. november i 2020 og 18. januar 2021.

Økonomi 2020: Rekneskapen er avstemd med Nordea og godkjend av revisor. Det vart eit overskot på kr. 2.316. Reisestøtte til NOR 28 på 1.422 for NM 2019 vart utbetalt i 2020, slik resultatet skulle ha vore tilsvarande betre. Innestående på bankkonto var 77.953 ved årsskiftet, mot 75.636 førre år.

NM i Trondheim vart fyrst utsett frå juni til september, før det måtte avlysast pga. korona-restriksjonar frå NIF/NSF. VM i Berlin i juli vart òg avlyst, slik at det er lite å melde om denne sesongen. Litt lokal aktivitet rundt omkring, men aller mest på Hvasser som no har 25 båtar og rekord på 18 i same felt. NYK støtta reise dit for måling 8. august, men det er framleis fleire båtar som har mangelfulle målebrev. Viktig at dette avklarast ved kjøp!

Medlemskontingent (300/100) har vore uendra dei siste åra. Medlemstalet er kraftig redusert denne spesielle sesongen og det er forståeleg med så lite aktivitet. Båtregisteret vert stendig oppdatert med nye og hittil ukjende Ynglingar. Det er registrert to «nye» båtar i 2020. Siste registrerte båt er NOR 418 og det er berre eit par ledige nummer i 39x serien. Totalt finst det no 280 båtar i registeret som tilseier at nær 140 har ei hittil ukjend historie. Styret treng hjelp med oppdatering om feil, eigarskifte m.m.

Rimmert gjekk ut av styret til IYA og Ronny kom inn som medlem av tekniske komité IYA. Dei er m.a. ansvarlege for testinga av den nye vinylesterbåten som Mader har bygd. Terminlista for 2021 er ganske tynn så langt, og mykje er framleis usikkert. Men i denne samanheng vil eg nemna VM i Berlin, 24-31. juli og NM på Askøy, 28-29. august.

Sjå vedlegg 1 for fullstendig rekneskap 2020, og framlegg til budsjett for 2021.
Sjå vedlegg 2 for sakliste årsmøte måndag 15. februar 2021 kl. 20.

For styret

Ronny Rognhaugen, 29. januar 2021.

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2020

Vedlegg 1: Årsrekneskap 2020 og budsjett 2021



Norsk Ynglingklubb

	Rekneskap 2020		2020	2021	
	31.12.2019	31.12.2020	Budsjett	Budsjett	
Inntekter					
Fullt medlemskap (26) -11	11 100	7 850	12 000	12 000	40*300
Støttemedlem (9) -14	2 300	900	3 000	3 000	30*100
Båtregister	2 000	1 600	2 000	2 000	
Diverse	575	0	1 000	1 000	
Renteinntekt	39	10	0	0	
Sum inntekter	16 014	10 360	18 000	18 000	
Kostnader					
Profilering og rekruttering	1 800	0	2 000	2 000	NM/VM
IYA avgift	3 908	5 029 25 stk. à 20 €	7 200	4 000	20*200
Porto	0	0	0	0	
Rekvisita	0	0	0	0	
Reisestøtte	5 523	2 906 Note 1	8 000	8 000	NM/VM
Premiering NC	0	0	0	0	
Diverse	0	59 EHF	0	0	
Bankgebyr	51	50 Vipps 12	100	100	
Sum kostnader	11 282	8 044	17 300	14 100	
Resultat	4 732	2 316	700	3 900	
Balanse					
Kasse	0	0			
Bank	75 636	77 953			
Sum egenkapital	75 636	77 953			
Avgiftsmerke segl	11 stk.	11 stk. à 35 €			
T-skjorter	13 stk.	13 stk. à 50 kr.			
Y-pins	54 stk.	54 stk. à 50 kr.			
Y-buff	4 stk.	4 stk. à 100 kr.			

1) Reisestøtte NM 2019: NOR 28 kr. 1422 (etterskot). Måling 3 båtar i vasser 8/8-2020 kr. 1484 Ronny Rognhaugen

Ronny Rognhaugen
Leiar

Jon Kåre Hellan
Revisor

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2020

Vedlegg 2: Saksliste til årsmøtet

Saksliste årsmøte NYK mandag 15. februar 2021 kl. 19

- Godkjenne frammøte og møteinnkalling
- Valg av ordstyrer, referent og to til underskriving av protokoll
- Ta stilling til Styrets beretning og regnskap for året som er gått og vurdere dets arbeid.
- Ta stilling til de fremlagte forslag fra Styret eller medlemmene. Alle forslag som forplikter NYK eller dens økonomi, skal være gjort kjent gjennom møteinnkallelsen.
- Godkjenne budsjett for kommende år.
- Fastsette medlemskontingent for kommende år.
- Ta stilling til hvilket NM-format styret skal prioritere i dialogen med potensielle arrangører
- Velge Styre og gi det de nødvendige fullmakter. Styreleder velges av årsmøtet ved separat valg.
- Velge revisor og ny valgkomite

Ingen framlegg til årsmøtet frå styret i år.